

SCENE2

Det Norske Teatret / Regi og scenografi:
Rosenkrantzgt.11 / Bjørn Endreson

**SAMUEL
BECKETT**

SLUTTSPÆL



U. Høier 5/71

6159148459

SLUTTSPÆL

AV SAMUEL BECKETT

omsetjing, regi og scenografi:
regiassistent:
inspisient:
rekvisitør:
sufflørar:

BJØRN ENDRESON
HARALD HOAAS
INGAR NILSEN
STEIN HAMRE
TORIL STEINLEIN/TONE ASTRUP


Hamm
Clov
Nagg
Nell

BJARNE ANDERSEN
TOM TELLEFSEN
KÅRE WICKLUND
ÅSTA VOSS

teaterforlag: Nordiska Teaterförlaget AB
programredaksjon: Halldis Hoaas
foto: Sturlason
trykk: Torres trykkeri, Oslo

EIN KRONOLOGI

- 1906— Fødd i Foxrock, nær Dublin, 13. april
- 1930— «Whoroscope», dikt om Descartes, Paris
- 1931— «Proust», essay (skrive på engelsk), Paris
- 1934— «More Pricks than Kicks», prosa, Paris
- 1935— «Echo's Bones», dikt, London
- 1938— «Murphy», roman (skrive på engelsk), London
- 1951— «Molloy», roman (skrive på fransk), Paris
- «Malone meurt», roman, Paris
- 1953— «En attendant Godot», Theatre Babylone, Paris
- «Watt», roman (skrive på engelsk), Paris
- «L'innomable», roman, Paris
- 1955— «Waiting for Godot», Arts Theatre, London
- «Nouvelles et Textes pour rien», Paris
- 1957— «All that Fall», BBC
- «Fin de partie», Royal Court Theatre, London
- «Acte sans paroles I», pantomime, Paris
- 1958— «Krapp's Last Tape» og «End-game», Royal Court Theatre, London
- 1959— «Embers», BBC
- 1960— «Actes sans paroles II», pantomime, Paris
- 1961— «Happy Days», Cherry Lane Theater, New York
- «Comment c'est», roman, Paris
- «Poems in English», London
- 1962— «Words and Music», BBC
- 1963— «Cascando», RTF, Paris
- «Collected Criticism», London
- 1964— «Play», Cherry Lane Theater, New York
- «Film», produsert i New York med Buster Keaton i hovudrolla
- 1966— «Eh Joe», BBC — TV



ORD FRÅ «SLUTTPEL»


Alt omkring deg vil vera endelaust og tomt rom, alle dei oppstandne døde frå alle tider vil ikkje greie å fylle det. Og der vil du vera som eit sandkorn midt ute i øydemarka. Ja, ein dag vil du veta kva det er, du vil bli som eg. Du vil berre ikkje ha nokon hos deg, fordi du ikkje har hatt medkjensle med nokon og fordi det ikkje vil vera nokon att til å ha medkjensle med deg.

.....

Å, desse menneska – alltid må dei ha ei forklaring!

.....

Bruk hovudet ditt! Du er her på jorda. Det finst ikkje noka lækjebot for det.





.....

Eg vil gje deg akkurat så mykje at du ikkje døyr. Du kjem til å vera svolten heile tida.

.....

– Kva er det som går føre seg? Kva er det?

– Det er noko som går som det må.

.....

Eg prøver å gå. Eg har prøvd heilt sidan eg vart fødd.

.....

Om eg fekk sova, kunne eg kanskje elske. Eg ville gå inn i skogen. Auga mine ville sjå – himmelen, jorda. Eg skulle røme, dei skulle aldri få tak i meg.

.....
Ingenting er så morosamt som det ulyk-
kelege. Jo, jo. Det er det mest komiske
i verda. Og i byrjinga ler vi, vi ler alt
det vi orkar. Men så går det alltid på
same måten —. Det er som ei morosam
historie som vi har høyrte mange gonger
— vi synest ho enno er morosam, men
vi ler ikkje lenger.




Eg kjende ein gong ein galen mann
som trudde at verda gjekk under. Han
var målar — og treskjerar. Eg var svært
glad i han. Det hende eg var på asylet
og såg til han. Eg tok han i handa og
drog han bort til vindauget. Sjå der!
Sjå, sa eg! Sildeflåten for fulle seg!
Så mykje vakkert! Han drog til seg
handa og gjekk tilbake til kroken sin.
Heilt forvirra. Alt han hadde sett var
oske. Han var ein av dei heldige. Hadde
gløymt. Tilfellet er ikkje ... var ikkje
så ... så uvanleg.

.....
— I går natt såg eg inn i brystet mitt.
Det var eit stort sår der.
— Hah! Det var hjartet ditt.
— Nei. Det var noko som levde.

.....
Eg brukar dei orda du har lært meg.
Dersom dei ikkje lenger har noka mei-
ning, får du lære meg andre. Eller la
meg halde kjeft.

.....
Det er slutt. Det er slutt med oss.
Nesten slutt. Det er slutt med orda.



– Noko som dryp inne i hovudet mitt – heilt sidan eg var liten. Drypp, drypp, drypp – alltid på same måten, same plassen.

.....
Eg likar orden. Det er det eg helst drøymmer om. Ei verd der alt er teiande stilt og kvar ting har sin endelege plass – under det siste støvet.

.....
– Kvifor skulle eg vera her?

– For å gje meg stikkord. For å halde spelet i gang.

.....
– Eg kjenner meg temmeleg tom. Funne på altfor mykje altfor lenge. Om eg berre kunne slepe meg ned til sjøen: Eg ville laga ei pute av sand til hovudet mitt og tidevatnet ville koma.

– Det er ikkje lenger noko tidevatn.

.....
Du græt og græt for ingenting, for ikkje å le, og litt etter litt tek du til å sørgje.

.....
Der ligg eg – i den gamle rønna – åleine mot det stille, det tomme, det teiande. Om eg berre kunne vera roleg, halde fred, teia stilt, så ville det vera forbi med alt eg høyrer, alt som rører seg, forbi, slutt for alltid.

.....
Og så pjatt og pludder, babling som barn, som ein unge som er åleine og leikar at han er to eller tre eller fleire for å ha nokon å vera saman med, nokon å kviskre med i mørkret.

.....
Sekund, sekund, sekund. Dei drys som frø, som hirsefrøa til den gamle grekaren. Og heile livet ventar på at frøhaugen skal bli til eit heilt liv.

.....
Slutt, det er slutt, nesten slutt. Det må vera nesten slutt snart. Små korn av sand, det eine etter det andre. Og ein dag, plutseleg, er det berre att ein liten haug, den vesle umoglege haugen.

.....
Somme tider trur eg at eg er heilt sprø. Men så går det over og eg er like klok att.

.....
Clov, seier eg, du må læra å lida betre enn du gjer om du vil at dei ein gong skal bli trøtte av å pine deg. Eg seier til meg sjølv no og da: Clov, seier eg, du må bli betre enn det om du vil at dei ein gong skal la deg få gå. Men eg kjenner meg for gammal, for langt komen til at eg kan laga meg nye vanar. Herregud, det tek aldri slutt, eg kjem aldri til å gå. Og så, plutseleg ein dag, så sluttar det, det forandrar seg, eg skjønar ikkje, det døyr, eller det er eg som døyr, eg skjønar ikkje det heller. Eg spør dei orda som er att, når eg søv og er vaken, morgon og kveld. Dei har ingenting å seia meg. Eg opnar selledøra og går. Eg er så lut at eg berre ser føtene mine om eg opnar auga, og svart støv mellom beina mine. Eg seier til meg sjølv at jorda er slokna, enda eg aldri har sett ho lyse. Det er lett å gå. Når eg fell, vil eg gråte av glede.



.....

Det gamle sluttspel spelt og tapt. Spela
og tapa og bli ferdig med å tapa.

.....

Du skreik etter natt.
Og natta fell på.
Skrik no i mørker.

.....

- Det finst ikkje nokon i heile verda
som tenkjer så skeivt som vi.
- Vi gjer så godt vi kan.
- Det skulle vi slutte med.



PÅ HOVUDSCENEN SPELAR VI NÅ:

ZORBA

regi og koreografi: Rikki Septimus

scenografi: Arne Walentin

med m.a. Lasse Kolstad, Bab Christensen,
Kari Rasmussen, Bjørn Skagestad, Sidsel
Ryen

Conny
Hannes
Meyer

TILFELLET TORNEROSE

regi: Ola B. Johannessen

scenografi: Helge Hoff Monsen

musikk: Egil Kapstad

med m.a. Tordis Maurstad, Grete Nordrå,
Wenche Medbøe, Ole-Jørgen Nilsen, William
Nyrén, Bjørn Skagestad, Unni Evjen

NESTE PREMIÈRE BLIR 24. SEPTEMBER:

MARIJA

ISAAR BABEL

regi: Pål Skjønberg

dekor: Dag Frogner

kostyme: Eva Eleonora Seliga

med m.a. Per Gjersøe, Lise Fjeldstad, Bab
Christensen, Jack Fjeldstad, Johan Kjels-
berg, Einar Wenes

NESTE PREMIÈRE PÅ SCENE 2 KJEM
18. SEPTEMBER:

...bortanfor alle våre draumar

av Paul Zindel

regi: Ingebjørg Sem

scenografi: Snorre Tindberg

med m.a. Grete Nordrå, Britt Langlie, Inger
Lise Westby



Den unge amerikanaren Paul Zindel er blitt overdryssa av prisar for nett dette stykket – nå sist den ettertrakta Pulitzer-prisen. Kvifor er lett å skjøne – det er eit fascinerande stykke han har skrivne, det riv ein med seg i latter og gråt på same tid. Vi møter ei mor og dei to døtrene hennar – mora lever i grenselandet mellom draum og røyndom, talar om gamle dagar da ho reid høgt på faren si grønsakvogn gjennom gatene, om korleis den nye planen hennar (ho har stadig nye planar) om å gjere huset om til ein kafé skal gjere dei rike på kort tid, om kor god ho var til å danse da ho var ung. Av dei to døtrene ser den eine ut som tenåringar flest men har anfall av galenskap; den andre ser litt smågalen ut, men er i røynda i ferd med å bli ei lita vitskapskvinne!

V. B. 1957-58

